

Kommunal forskrift om ordensreglar for grunnskulen i Vågå.

Gjeldande etter behandling i HOKO og kommunestyre hausten 2012

§ 1 Heimel

Ordensreglane er gjevne med heimel i lov av 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-9. om individuell vurdering i grunnskulen av 1.8. 2009 og rundskriv 07-2005 frå Utdanningsdirektoratet 21.04.05 om ordensreglement i grunnskuler, har Vågå kommune fastsett forskrift om eit felles ordensreglement for grunnskulen i Vågå.

I tillegg til dei kommunale reglane, har den enkelte skule høve til å utarbeide utfyllande reglar tilpassa dei lokale forholda. Dei kommunale reglane er overordna dei lokale reglane som kvar skule vedtek.

Ordensreglane må sjåast i samanheng med arbeidet skulane gjer for å sikre den enkelte eleven eit godt psykososialt læringsmiljø.

§ 2 Formål

Vågåskulane skal arbeide systematisk for å skape eit utviklande skulemiljø for alle elevane og dei vaksne på skulen. Krenkjande åtferd og mobbing aksepterast ikkje. Forskrifta tek utgangspunkt i at den offentlege grunnskuleopplæringa er ein rettighet for barn og unge, og at elevane ønskjer å bruke sine positive ressursar til å nå målsettinga om eit godt fysisk og psykososialt skulemiljø for alle. Skulane skal arbeide aktivt førebyggjande for å nå denne målsettinga

Skulane skal undersøkje alle meldingar som kjem til skulen om mobbing eller krenkjande åtferd.

Alle skulane skal følgje opp mobbar(e) og mobbeoffer systematisk og dokumentere dette.

Skulane skal samarbeide tett med føresette og etablere gode system for utviklande kommunikasjon.

Skulane sine rutinar skal sikre eit forpliktande samarbeid med foreldre i mobbesaker.

Skulane skal fremje læring i ein trygg og triveleg sosial samanheng.

Skulane vil ha aktive og sjølvstendige elevar som utnyttar sine personlege føresetnader på best mogleg måte.

Skulane i Vågå skal vere ein inkluderande skule der alle elevane skal kjenne seg heime.

For skulane i Vågå er alle elevane like verdifulle.

§ 3 Verkeområde

Forskrifta gjeld for alle dei kommunale skulane i Vågå. Den kommunale forskrifta skal ikkje fråvikast.

Elevar og føresette skal årleg få tilsendt kommunen sitt felles ordensreglement og eventuelle lokale «ordensreglar», og skrive under på at desse er lese.

Ordensreglane gjeld for elevane i skuletida og på skulen sitt område og i alle former for undervisning andre plasser enn på skulen sitt område. Forskrifta gjeld og ved leirskule, studieturar, ekskursjonar og andre aktivitetar i skulen sin regi.

§ 4 Reglar for orden og åtferd:

1. Vi vil bruke tida på skulen slik at vi kan lære mest mogleg. Samtidig vil vi stelle oss slik at både elevar og vaksne kan trivast i lag.
2. Vi vil ta omsyn til kvarandre:
 - ved å vera snille og vise kvarandre respekt og tillit.
 - ved ikkje å utøve krenkjande åtferd.
 - Vald, plaging, trakassering, mobbing, kjønnsdiskriminering og rasisme er strengt forbode. Ved tilfelle av mobbing skal kommunen sin handlingsplan mot krenkjande åtferd/mobbing følgjast.
 - ved å unngå aktivitetar der vi kan kome til å skade kvarandre, til dømes sykling på skuleplassen i friminutta og snøballkasting.
 - ved å ha ei roleg framferd når vi er inne.
 - ved å drive ballspel på fastsette område.
3. Vi har ansvar for:
 - å stille utkvilde og opplagde til skuledagen med det utstyret som trengst.
 - å følgje trafikkreglane på skuleveg og oppføre oss fint på skulebussen.
 - å ta godt vare på skulebygg, inventar og skulemateriell. Meld frå viss du kjem i skade for å øydeleggje noko.
 - å rydde opp etter oss. Når vi forlet eit arbeidsrom, har alle ansvar for rydding.
 - å vera ute i friminutta dersom ikkje noko anna er bestemt.
 - å ikkje ete søtsaker, drikke brus eller energidrikk i skuletida utanom ved spesielle opplegg der det er avtala.
 - å ikkje ha med oss rusmiddel eller tobakk/snus på skulen eller ved turararrangement i skulen sin regi.
 - å halde oss innafor skuleområdet. Skal du utrette noko utanom skuleområdet i løpet av dagen, må du vise melding til kontaktlæraren eller nokon i administrasjonen.
 - å bruke hjelm ved opplegg der ein skal sykle, gå på skøyter eller kjøre på ski i alpinbakke.
 - å levere melding i meldingsboka når vi har vore borte, eller når vi ikkje kan delta i vanleg kroppsøving.
 - å søke permisjon i god tid etter retningslinene i det kommunale permisjonsreglementet ved planlagd fråvær.
 - å henge ytterklede og luer på gangen når det er time.

Vi har lov til:

- å hevde egne meiningar.
- å ta kontakt med klassestyrar, elevrådsrepresentantar, rektor eller anna personale når det når det er noko vi ønskjer å ta opp.
- å bruk IKT som arbeidsreiskap på skulen dersom vi følgjer skulen sine retningsliner for databruk. Brot på desse, skal sjåast på som brot på ordensreglane.
- å ha med mobiltelefon på ungdomsskulen dersom den berre er i bruk i friminutta. På barneskulen er det lov å ha med mobiltelefon viss heimen har gjort avtale med skulen.
- å bruke sykkel på skulevegen frå 5.klasse.

Det er ikkje lov med:

- Mobbing, diskriminering, vald eller rasisme (Oppl.lov §9a-3).
- Krenkjande ord eller handlingar (Oppl.lov §9a-3).
- Snus, tobakk og rusmidlar (forskrift om miljøretta helsevern i bhg og skular § 18.
- Farlege gjenstandar som kan nyttast til å skade andre. Det vil bli gjeve unntak for tilfelle der det er laga avtale med lærar eller skuleleiinga (f.skrift Oppl.lov § 12-1.

§5 Tiltak ved brot på ordensreglane

Alle tiltak skal vere slik at elevane forstår kva slags reglar som er brote og kvifor skulen reagerer. Eleven skal ha moglegheit til å forklare seg før det blir teke avgjersle om refsing (Oppl.lov § 2-9).

Elevane kan berre refsast som følgje av Oppl.lov, forskrift til Opp.lov eller Vågå kommune sitt ordensreglement.

Elevane plikter å forhalde seg til ilagte sanksjonar.

Skulen kan krevje at føresette hentar beslaglagt og farlege gjenstandar.

Vågå kommune kan nytte følgjande tiltak mot brot på ordensreglane.

Munnleg og skriftleg åtvaring frå skuleleiinga

- a. frammøte på skulen etter skuletid for samtale med rektor/lærar og/eller utføring av pålagte oppgåver.
- b. nedsetting av karakterar i orden og åtferd. (8-10 steg) forskrift til oppl. Lov § 3-5)
- c. beslag av ulovlege gjenstandar.
- d. pålegg om å rette opp skade dei har påført skulen.
- e. heil eller delvis erstatning jf. lov om skadeerstatning.
- f. bortvising frå skulen i inntil 3 dagar. (8-10 steg) Oppl.lov § 2-10
- g. vise burt elevar frå enkelttimar (Oppl.lov § 2-10)
- h. vise burt elevar for resten av dagen (Oppl.lov § 2-10)
- i. annelde straffbare handlingar til politiet
- j. foreta permanent gruppe eller skulebyte (Oppl.lov §8-1)

Før tiltaka vert sett i verk, skal den det gjeld ha høve til å forklare seg til den som tek avgjerda. Bortvising skal skje etter retningslinene i Opplæringslova § 2-10. Ved brot på regel frå f og ut skal det fattast enkeltvedtak.

Følgjande sanksjonar/refsingstiltak kan ikkje nyttast:

- Fysisk refsing.
- Kollektive refsingstiltak (Det er berre elevar som har gjort seg skuldige i regelbrot som kan refsast).
- Krenkjande behandling (Oppl.lov § 2-9).

§6 Saksbehandling

Behandling av brudd på ordensreglementet følgjer reglane i Opplæringslova § 2-9,4.ledd, §2-10,2.ledd, §8-1,3.ledd, forskrift til Opplæringslova § 3-5, og saksbehandlingsreglar i fvl om enkeltvedtak.

Enkeltvedtak er ei avgjersle som treffast etter utøving av offentleg myndigheit (her: rektor) og er bestemmende for rettigheter og plikter ein eller fleire bestemte private personar (her: elevar) har. Etter forvaltningslova skal vedtak vere skriftlege og skal kunne påklagast.

Ved brot på ordensreglementet som ikkje er enkeltvedtak gjeld følgjande saksbehandlingsreglar:

- Skulane pliktar å sjå til at ei sak er så godt opplyst som mogleg før ein tek ei avgjersle.
- Eleven skal ha moglegheit til å uttale seg før ein tek avgjersle om sanksjonar. I alvorlege sakar skal føresette kontaktast. Varsel kan gjevast skriftleg.
- Alle sanksjonar skal grunngjevast. I alvorlege sakar skal grunngjevinga gjevast skriftleg.

§ 7 Forskrifta har verknad

Forskriften har verknad frå 1.september 2012.